


**Utviklingsplan 2023-2024**

# **Rosseland skule**



## Innhald

Innleiing.....	2
Overordna mål.....	3
Sektormål for grunnopplæringa.....	3
Overordna del av læreplanen.....	3
Kommunale strategiar, planar.....	4
Utviklingsområde 2022-23.....	4
Vurdering av utviklingsområda .....	5
Utviklingsområde 2023-2024 .....	5
Mål og tiltak 2023-2024 .....	7

## Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda, knytt til læringsmiljø og læringsresultat, sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

## Overordna mål


### Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

### Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

## Kommunale strategiar, planar

I «Strategiplan for oppvekst 2016-2022» er det fem sentrale satsingsområde som definerer retning mot felles mål. I utviklingsarbeidet vårt dette året har me hatt fokus på satsingsområde «Tidleg innsats» på vår skule

### «Laget rundt læraren og eleven»

Det er etablert eit slikt lag på kvar skule i Time kommune. Laget består av leiinga på skulen, helsesjukepleiar(ar), PPT-kontakt og Sosialpedagogisk ressursperson. Andre kan inviterast inn etter behov.

Konkrete målsettingar for laget på Rosseland, som har møte 1 gong kvar 3.veke:

1. At me skapar eit læringsmiljø der alle elevane er sosialt inkludert, og at dei har vener – slik at dei trivst på skulen
2. At me gjer tiltak på “grønt” nivå for å styrka elevane sin sosiale og psykiske “kjernemuskulatur”, slik at dei lærer seg å takla medgang og motgang på skulen, og elles i livet
3. At dei tilsette får heva sin pedagogiske og sosialpedagogiske kompetanse gjennom kursrekkjer, utprøving og refleksjon rundt ulike problemstillingar

### Utviklingsområde 2022-2024

Følgjande var utviklingsområde skuleåret 2022-2024:

Læringsresultat:

*Lesing som grunnleggjande ferdigheit. Alle elevar på alle trinn har progresjon i lesing.*

*Resultatmål: Resultata på NP i lesing for 5. og 8.trinn skal liggja stabilt på eller over nasjonalt nivå (50 skalapoeng)*

Læringsmiljø

*Auka grad av elevmedverknad som skapar motivasjon for læring og trivsel.*

*Elevane opplever skulen som relevant og motiverande*

*Resultatmål: Skulen får ein totalskår på 4 eller betre på indikatorane knytt til «Elevdemokrati og medverknad» og «Vurdering for læring».*

I løpet av året er det gjennomført skulebasert vurdering for å sjå på i kva grad mål og tiltak har ført til utvikling på områda. Dette er del av kunnskapsgrunnlaget som me har for å vurdere kva me skal jobba vidare med å utvikla eller kva me nå kan leggja til drift.

## Vurdering av utviklingsområda

Analyse av data og prosessar i personalet, og med elevane - syner at me har gode resultat i rekning, der me i fire av dei sju siste åra er på eller over det nasjonale snittet på Nasjonale prøvar på 5.trinn

Vurderinga som blei gjort våren 2021 viste tydeleg at me må forbetra oss i lesing, der me i fire av dei sju siste åra ligg under det nasjonale snittet på Nasjonale prøvar på 5.trinn. Resultatet for 2022-23 på 5.trinn var difor svært gledeleg, med 51 skalpoeng. Dette er over nasjonalt snitt, og gir oss ein indikasjon at me er på rett veg. Utviklinga på 8.trinn var òg positiv.

Elevundersøkinga for 2022 for 5.-7.trinn viser at trivselen på skulen framleis er høg blant elevane. Diverre ser me ei negativ utvikling når det gjeld motivasjon for skularbeidet. Dette vil me ta tak i gjennom å involvera elevane meir i både vurdering og prosess rundt dette temaet. Kva er det som gjer at dei har svart det dei har svart, og kva må til for å få til ei endring i positiv retning?

Elevundersøkinga viser at me framleis har noko å gå på når det gjeld elevdemokrati og medverknad. Særleg gjeld dette medverknad i samband med planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning i fag.

Dette har ført til at me ikkje gjer nokre endringar på måla for utviklingsområda knytt til læringsresultat og læringsmiljø ved vår skule:

### Utviklingsområde 2023-2024

Følgjande skal vera utviklingsområde i 2023-24:

Læringsresultat:

*Lesing som grunnleggjande ferdigheit. Alle elevar på alle trinn har progresjon i lesing.*


*Resultatmål: Resultata på NP i lesing for 5. og 8.trinn skal liggja stabilt på eller over nasjonalt nivå (50 skalapoeng)*

Læringsmiljø

*Auka grad av elevmedverknad som skapar motivasjon for læring og trivsel.*

*Elevane opplever skulen som relevant og motiverande*

*Resultatmål: Skulen får ein totalskår på 4 eller betre på indikatorane knytt til «Elevdemokrati og medverknad» og «Vurdering for læring» og «Felles reglar»*



Me spissar eit mål i forhold til læringsmiljø, der me vil retta fokus på språkbruk elevane i mellom, og mellom elevar og vaksne. Me vil i stor grad involvera elevane i dette arbeidet, og leggja opp til fruktbare diskusjonar om kva me saman ønskjer å endra på, og korleis me kan få dette til.

Elevrådet vil bli involvert i denne prosessen; det same vil FAU.

## Mål og tiltak 2023-24

<b>Utviklingsområde</b> <b>Læringsresultat:</b> Lesing som grunnleggjande ferdigheit. Alle elevar på alle trinn har progresjon i lesing <b>Læringsmiljø:</b> Auka grad av elevmedverknad som skapar motivasjon og trivsel <b>Status:</b> Resultata på NP i lesing på 5.trinn viser at me ligg under nasjonalt nivå 4 av dei 7 siste åra. NP på 8.trinn viser òg ei negativ trendutvikling <b>Undervegsevaluering</b> av tiltak sett opp mot delmål skal gjennomførast i desember 2023 og mai 2024				
<b>Effekt mål (gevinst)</b> Kva vil dette føra til på lengre sikt?	<b>Resultatmål 2025</b> Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	<b>Delmål 2023/24</b> Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluerast? (SMARTE-mål)	<b>Tiltak 2023-24</b> Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla? <b>(Nye/endra mål er utheva)</b>	<b>Stoppunkt</b>
<b>Læringsresultat</b>  <b>Elevane blir funksjonelle lesarar</b>  <i>Det vil seia at eleven er i stand til å lesa og skriva på eit nivå som tillet normal kommunikasjon, og som gjer det mogleg å forstå og kommunisera tankar og delta i eit skriftbrukande samfunn.</i>	Resultatet på NP i lesing på 5.trinn og 8.trinn skal vera stabilt på eller over nasjonalt nivå (50 skalapoeng)  Resultat 5.trinn: 2021-22 48 skalapoeng 2022-23 51 skalapoeng 2023-24  Resultat 8.trinn 2021-22 2022-23 2023-24	Alle elevar på alle trinn har progresjon i lesing	Alle lærarar må sjå på seg sjølv som leselærarar, og har eit personleg og kollektivt ansvar for å jobba mot målet <b>Alle nyttar SOL-verktøyet aktivt</b>  Resultat frå kartleggingar, både obligatoriske og eigne, blir saman med NP brukt i samtalar med elevane, og i utviklingssamtalar med foreldra.  <b>Kvart trinn tek utgangspunkt i trinnet sin tiltaksplan som blei utarbeidd for 2022-23. Trinnet vidareutviklar denne for 2023-24, ut frå status i september 2023. Ferdig til haustferien</b>  Trinna drøftar saman med PPT kontaktpersonen kva som kjem fram i kartleggingane – og vurderer vidare tiltak som kan leggjast inn i trinnet sin leseplan.	Kontinuerleg prosess gjennom året  Utviklingssamtalar i november og mai  Evaluering og deling av erfaringar på trinn ein gong kvar månad. (Fokus læring)  1 gong kvart år i etterkant av gjennomførte kartleggingar.  (Fokus læring)

Effekt mål (gevinst) Kva vil dette føra til på lengre sikt?	Resultatmål 2025 Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	Delmål 2023/24 Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluerast? (SMARTE-mål)	Tiltak 2023-24 Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla? (Nye/endra mål er utheva)	Stoppunkt
<p><b>Læringsmiljø</b></p> <p><i>Elevane opplever skulen som ein trygg stad, der dei får vera med på påverka læringsmiljøet i positiv retning.</i></p> <p><i>Elevane opplever skulen som relevant og motiverande.</i></p> <p>Dette vil i neste omgang påverka både motivasjon og trivsel, som igjen fører til framgang i læring</p>	<p>Skulen får ein stabil totalskår på 4 eller betre i Elevundersøkinga på indikatorane knytt til «Elevdemokrati og medverknad», «Vurdering for læring» og «Felles regler»</p>	<p><i>Elevane medverkar i å utvikla gode rutinar og standardar for språkbruk på skulen. Elevrådet skal utarbeida retningslinjer for korleis dei ønskjer at elevar og vaksne snakkar til kvarandre.</i></p> <p><i>Elevrådet inviterer FAU til å vera med på dette arbeidet</i></p>	<p><b>Språkbruk skal vera tema i alle klassar og på alle trinn. Bruka aktuelle «case» frå kvardagen som utgangspunkt for refleksjonar.</b></p> <p><b>Alle tilsette skal vera spesielt merksame på denne utfordringa, og ta del i arbeidet med å setja standardar saman med elevar og foreldre.</b></p> <p><b>Dei vaksne må gripa inn ved uakseptabel språkbruk</b></p>	<p>Elevundersøkinga blir gjennomført i løpet av november/desember for 5.-7.trinn. Analyse og justering av tiltak i januar.</p>
		<p>Elevane medverkar i vurdering av eige arbeid</p> <p><i>(Får du være med på å vurdere skolearbeidet ditt?)</i></p>	<p>Lærarane legg opp til eit system der elevane får erfaring med å vurdere eige arbeid</p>	<p>Eige punkt i elevsamtalane</p> <p>Lærarane deler erfaringar i fagmøter/ teammøter</p>
		<p>Elevane opplever at dei får tilbakemeldingar som gjer at dei kan bli betre i faget</p> <p><i>(Jeg får hjelp av lærerne til å tenke gjennom hvordan jeg utvikler meg i faget)</i></p>	<p>Lærarane gjer konkrete tilbakemeldingar om kva eleven har fått til og framovermeldingar om korleis eleven kan få framgang i læringa si</p>	<p>Elevundersøkinga blir gjennomført i løpet av november/desember for 5.-7.trinn. Analyse og justering av tiltak i januar.</p>
		<p>Elevane gir jamleg tilbakemelding på korleis dei har det; minst ein gong pr.månad, gjerne kvar 14.dag</p>	<p>Lærarane set av tid og følgjer opp det som kjem fram av elevane sine svar (LLE,IBS, Olweus)</p> <p>Bruk gjerne “Klassetrivsel”</p>	<p>Minst 1 gong pr.månad på trinnet i fokustid. Kva viser tilbakemeldingane? Kva må ev.endrast</p>



